

Tykje Gloslid

Omafe Telnes på Garvikstrondi er ein plass som heiter Gloslid. Der budde eit trøll som heitte Tykje Gloslid. Tykje hae ei kjeriing au, og ho var so sinna og sur at han var reint redd ho. Så var det ein dag ho sat og sinna seg. Ho var så sur fe ho ikkje hae nokon onje å leggje i vøgga. Så sa ho te Tykje: ”No må du gå ned te Firingan og hente ein unge te meg.”

Ja, Tykje treiv ein stor sekk, slengde ´n ivi øksli og labba i veg.

Då han hae gjenge eit stykke, møtte han ei skjer.

”Skvatt, skvatt, hørr skå du av, Tykje?” spurde skjori.

”Eg skå te Firingan og stela meg ein onje, eg”

”Du fær ´kje løv. Du fær ´kje løv.”

”Å, det gjer eg som eg vil med,” svara Tykje.

Og så labba han vidare. Sekken slong hit og dit. Men skjori flaug rundt og samla alle dei skjjerir som i skogen fanst. Så samla dei seg i tretoppene rundt Firingan. I mellomtida ha Tykje møtt ein rev.

”Hørr skå du? Hørr skå du?” spurde reven.

”Å, eg skå te Firingan og stela meg ein onje, eg.”

”Du fær ´kje løv. Du fær ´kje løv.”

Hå, det gjer eg som eg vil med, din raudrev!” svara Tykje. Han la i veg nedetter Firingbakkane.

Men reven for rundt og samla alle dei revar som i skogen fanst. Dei samla seg i hølti rundt garden.

No va Tykje nesten nede ved husi. Då spratt det fram ei bikkje på vegen.

”Voff, voff. Hørr skå du, Tykje?” spurde bikkja.

”Eg skå te Firingan og stela meg ein onje.”

”Du fær ´kje løv. Du fær ´kje løv,” sa bikkja.

Men Tykje labba vidare. Bikkja sprang rundt og samla alle dei bikkjene som på Garvikstrondi fanst.

No va Tykje heilt framme ved husi. Han banka på glasi i støgo med dei store nevane sine.

Dei som sat der inne, såg noko stort, svart som dekte heile ruta, og så høyrde dei eit grovt mål som sa dei måtte kome ut med ein unge til han.

Då blei det låt og ille gråt, men ingen tørde anna enn å la Tykje få ungen. Men då varde det ikkje lenger enn te han hae fenje ungen oppi sekken før det yrde av dyr og fuglar på tonet. Revan ´beit seg fast i buksebeini hans, hundan hoppivi ´n og beit og klora, og skjorin ´ slo seg ned i skallen hans og hakka han i augo. Då blei Tykje så redd at han sleppte sekken og strauk te skogs. Etter ei stund kom han, sundhakka og skambiten, heim te kjeriingi. Ho blei fælande sinna, og kravde då at når han ikkje kunne skaffe onje, måtte han få tak i ein føle te å ha i vøgga. Så kva ho denne visa:

”Å dæ va kjeriingi av Tykje
uppi Gloslihølet
ho hae ingjen unge
men då tok ho ein føle
å lae i vøgga
mæ tyrie løga.
Å byssa, byssa
Langskanka, langbeina du.
Såleis sulla kjeriingi
Av Tykje her su´.”

Frå ”Folkeminne frå Telemark”